

## Bakgrunn:

På styremøtet i november kom eg med innspel om at utleigeprisane for klubblokala burde vurderast. Årsaka er at eg ikkje har oppfatta at prisen har vore regulert dei siste åra. VSF hatt mykje utleige dei siste åra og det verkar som vårt klubbhus har vorte eit populært festlokale. Det er ei kjærkomen inntekt, men det førar òg til stor slitasje og særleg det siste året har det vore ein del problem. Alvorlegast er at utleigeverksemda kjem i direkte konflikt med seglaktivitetar i sesongen.

## Drøfting:

På heimesida vår står det at prisane gjeld frå 1. oktober 2015. Våre prisar er inkludert vask, men det er meir usikkert for alternativa nedanfor. CSF har eit depositum for leige som må betalast ved inngåing av avtale. CSF har ein høgare pris for fima enn private. Elles er prisane ganske like om ein tek omsyn til kapasitet og plassering.

	VSF	CSF	Dykkarklubben	Roklubben	
Stad	Bredalsholmen	Gjestehamna	Myren	Otra	
Helg	6000	6500	5000	6000	
Helgedag	4200	6500		4000	
Vekedag firma	4000	4250	3000	3000	
Vekedag privat	3000	4250	3000	3000	
Kurs/time	500	550/300	?	?	
Vask inkludert	Ja	?	?	?	
Medlemspris	Ja	Ja	Ja	?	
Kapasitet	60	50	50	35-45	
Depositum	Nei	2000	?	?	

Kjelder:

<https://www.vagsbygdseilforening.no/index.php/utleie/priser>, <http://www.csf.no/seilerloftet/>,  
<https://kristiansanddykkerklubb.no/utleie/>, <http://www.roklubben.com/utleie>

## Konklusjon:

Slik eg oppfattar situasjonen kan me auke utleigeprisane 10-15 % utan særleg netto tap av inntekter. Mindre utleige vil redusera slitasje og tilsyn av lokala m.m. Derimot vil det ikkje hindre konflikt med seglaktivitetar i høgsesongen (mai/juni og august/september). Dette kan berre løysast med strengare regulering av utleige i høgsesongen. Ei løysing med depositum på 2000 bør vurderast. Erstatningsansvar ved skade må presiserast i leigeavtale.

*Ronny Rognhaugen, 9. desember 2019.*

Utdrag frå møteprotokoll styremøte 20. januar 2020, sak 20-01-3:

### Utleige av lokale

Ronny hadde framlegg om å auke prisane på utleige. Det er eigentleg ei sak for huskomiteen, men styret kan i tillegg koma med innspel om prisane på vask, depositum (2000 som CSF), regulering av uteområdet, etterkontroll og sanksjonar. Orienteringssak på årsmøtet.